

Hordaland fylkeskommune
Samferdselsavdelinga,
PB. 7900
5020 BERGEN

Dato: 09.05.2018
Vår ref.: 2017/485-48
Saksbehandlar: mernord
Dykkar ref.:

Uttale - Utvida TT-ordning - invitasjon til å søkje om midlar

RMNF vil be om at Hordaland fylkeskommune nyttar høvet til å søkje om midler til utvida TT-ordning, og vi ber om at følgjande moment vert vektlagt i søknaden:

- Samferdselsavdelinga sine egne utrekningar med bruk av dagens TT-ordning viser at både gruppa blinde/sterkt svaksynte og gruppa rullestolsbrukerar med elektrisk rullestol og behov for spesialtransport, har stor utnyttingsgrad av dagens TT-ordning. Gruppene vil ha stort behov for auka midler for å vere aktive og for å kunne delta i samfunnet. RMNF meiner at begge gruppene må omfattast av søknaden.
- Verdien på beløpet det vert søkt om skal i utgangspunktet inkludere 200 turar pr TT-brukar. Dersom midlane vert avkorta vil RMNF foreslå at antall turar vert redusert. Den utvida TT-ordninga skal plussast på det eksisterande TT-tilbodet som gjeld i dag.
- RMNF rår til at Hordaland fylkeskommune søkjer om den same summen som i fjor, kr. 17, 5 mill kr for 2. halvår 2018. Dersom Hordaland vert eit av fylkene som inngår i prøveordninga vil ein på nasjonalt plan også sjå verknadene av eit fylke med både distrikt og ein storby.

Uttalen til søknad om utvida TT-ordning fra 01.07.2018 var handsama i AU-møte i RMNF 9. mai 2018.

Kjell Håland
Leiar RMNF